



Fedje kommune

Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 28.09.2023
Møtestad: Fedje skule, kantina
Møtetid: 17:15 - 18:20

Kommunalsjef Ester Varøy presanterte seg for kommunestyret.
Yngve Kiserud heldt innlegg om klima og miljøvern.

Møtedeltakarar	Parti
Stian Herøy	H
Bjørn Solbakk	Frp
Anna Marit Storemark	Ap
Einar Villanger	Ap
Gidske Borge Kolltveit	Ap
Kamilla Bjerkholt Karlsen	Ap
Marit Solbakk Øien	Frp
Otto-Andre Nordby	H
Silje Sulen Gullaksen	H
Paul Erling Rognsvåg	H

Møtedeltakarar vara	Parti
Elin Iren Øien Solbakk	Frp
Ingard Kåre Kahrs	H
Jan Erling Borge	Ap

Forfall meldt frå følgjande medlemmar:	Parti
Frode Hjønnvåg	Frp
Hans Erik Waage	Ap
Paul Gunnar Gullaksen	H
Paul Magnar Knapskog	H
Thea Koppen Blomvågnes	Ap

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Berit Karin Rystad, Bjarte Villanger, Esther Elizabeth Mae Varøy, Kristin Handeland, Pål-Eirik Holgersen

Sakliste

Saknr	Tittel
039/23	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
040/23	Godkjenning av møtebok
041/23	Referatsaker
042/23	2. tertialrapport og budsjettregulering for 2023
043/23	Den økonomiske situasjonen i Fedje kommune. Forslag til innsparingar på kort og lang sikt
044/23	Revidert forskrift om sakshandsamingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS
045/23	3. gongs avgrensa høyring og offentleg ettersyn - «Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland»
046/23	GBNR 169/182 – Politisk handsaming av søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og plan- og bygningslova
047/23	Oppfyllding av Montreal avtalen
048/23	Reiselivsplan 2023-2027
049/23	Søknad om bygdevekstvtale 2024-2027
050/23	Eventuelt

039/23: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Kommunestyret 28.09.2023

Behandling:

K - sak 039/23 Vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

040/23: Godkjenning av møtebok

Kommunestyret 28.09.2023

Behandling:

K - sak 040/23 Vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

041/23: Referatsaker

Kommunestyret 28.09.2023

Behandling:

K - sak 041/23 Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Samrøystes

042/23: 2. tertialrapport og budsjettregulering for 2023

Formannskapet 19.09.2023

Behandling:

F - sak 054/23 Vedtak:

1. Kommunestyret tek 2. tertialrapport 2023 til vitande
2. Kommunestyret vedtek budsjettendringar i saksutgreiinga med inndekning ved bruk av disposisjonsfond.
Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 28.09.2023

Behandling:

K - sak 042/23 Vedtak:

1. Kommunestyret tek 2. tertialrapport 2023 til vitande
 2. Kommunestyret vedtek budsjettendringar i saksutgreiinga med inndekning ved bruk av disposisjonsfond.
Samrøystes vedteke.
-

043/23: Den økonomiske situasjonen i Fedje kommune. Forslag til innsparingar på kort og lang sikt

Formannskapet 19.09.2023

Forslag til vedtak, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet
Forslag frå Kamilla B Karlsen (Ap) Formannskapet viser til innhald og konklusjonar i saka og ber kommunedirektøren seinast innan 17.10.23, leggje fram ei prioritert liste over dei innsparingstiltaka som kan vere mest aktuelle på kort sikt innanfor inneverande budsjettår. Lista må gje eit overslag over det sannsynlege innsparingspotensialet for kvart av tiltaka, - samt gje eit oversyn over dei

praktiske konsekvensane av tiltaka.

Behandling:

F - sak 055/23 Vedtak:

Formannskapet viser til innhald og konklusjonar i saka og ber kommunedirektøren seinast innan 17.10.23, leggje fram ei prioritert liste over dei innsparingstiltaka som kan vere mest aktuelle på kort sikt innanfor inneverande budsjettår. Lista må gje eit overslag over det sannsynlege innsparingspotensialet for kvart av tiltaka, - samt gje eit oversyn over dei praktiske konsekvensane av tiltaka.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 28.09.2023

Behandling:

K - sak 043/23 Vedtak:

Kommunestyret viser til innhald og konklusjonar i saka og ber kommunedirektøren seinast innan 17.10.23, leggje fram ei prioritert liste over dei innsparingstiltaka som kan vere mest aktuelle på kort sikt innanfor inneverande budsjettår. Lista må gje eit overslag over det sannsynlege innsparingspotensialet for kvart av tiltaka, - samt gje eit oversyn over dei praktiske konsekvensane av tiltaka.

Samrøystes vedteke.

044/23: Revidert forskrift om sakshandsamingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS

Formannskapet 19.09.2023

Behandling:

F - sak 048/23 Vedtak:

Etter Lov om havner og farvann (havne- og farvannsloven) av 21.06.2019 § 33 vedtek Fedje

kommune forslag til revidert forskrift om sakshandsamingsgebyr for Bergen Havn
Farvannsforvaltning IKS slik den ligg føre i vedlegg til saka.

Forskrifta vil erstatte Forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen og Omland Farvannsforvaltning
IKS av 05.06.2019.
Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 28.09.2023

Behandling:

K - sak 044/23 Vedtak:

Etter Lov om havner og farvann (havne- og farvannsloven) av 21.06.2019 § 33 vedtek Fedje
kommune forslag til revidert forskrift om sakshandsamingsgebyr for Bergen Havn
Farvannsforvaltning IKS slik den ligg føre i vedlegg til saka.

Forskrifta vil erstatte Forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen og Omland Farvannsforvaltning
IKS av 05.06.2019.
Samrøystes vedteke.

045/23: 3. gongs avgrensa høyring og offentleg ettersyn - «Interkommunal plan for sjøareal i Region
Nordhordland»

Formannskapet 19.09.2023

Behandling:

F - sak 046/23 Vedtak:

Kommunestyret tar høyringa til vitande.
Kommunestyret ber på nytt om at lokalitet for akvakultur på austsida av Fedje (Hjeltevarde) som er
flytta noko mot sør for å komme kystverket i møte, blir realisert gjennom planprosessen.

Fedje kommune etterlyser dialog/møte med kystverket for å finne ei løysing for arealet som begge
parter kan være nøgd med.

Kommunestyret er ikkje samd med motsegn frå statsforvaltar, og vurderer det slik at lokaliteten er
godt eigna for akvakultur for å ta i vare naturmangfald.
Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 28.09.2023

Behandling:**K - sak 045/23 Vedtak:**

Kommunestyret tar høyringa til vitande.

Kommunestyret ber på nytt om at lokalitet for akvakultur på austsida av Fedje (Hjeltevarden) som er flytta noko mot sør for å komme kystverket i møte, blir realisert gjennom planprosessen.

Fedje kommune etterlyser dialog/møte med kystverket for å finne ei løysing for arealet som begge parter kan være nøgd med.

Kommunestyret er ikkje samd med motsegn frå statsforvaltar, og vurderer det slik at lokaliteten er godt eigna for akvakultur for å ta i vare naturmangfald.
Samrøystes vedteke.

046/23: GBNR 169/182 – Politisk handsaming av søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og plan- og bygningslova

Formannskapet 19.09.2023

Behandling:**F - sak 047/23 Vedtak:**

Kommunestyret gir dispensasjon frå KPA føresegn 6.10 for etablering av kai, dispensasjon frå byggegrense mot sjø i arealplanen, arealformål bruk og vern av sjø og vassdrag, og frå Plan- og bygningslova § 29-4, jf. Plan- og bygningslova §19-2 andre ledd for utlegging av flytebrygge og ny kai på fylgjande vilkår:

Kaia lyt førast opp i tre og med pålar for å skåne området i mest mogleg grad. Formannskapet og kommunestyret avslår med heimel i plan- og bygningsloven §19-2 søknad om dispensasjon frå byggegrense mot sjø for utfylling i sjø for etablering av parkeringsplass.

Kommunestyret viser til kommunedirektøren si vurdering slik den kjem fram i saksframstillinga.

Vedtaket skal sendast til partane, statlege og regionale styresmaktar med klagerett.
Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 28.09.2023

Forslag til vedtak, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet
Kommunestyret ber om at saka vert utsett til alle partane i saka har vore involvert i heile prosessen.

Behandling:

Innstillinga frå formannskapet vart i voteringa sett opp mot forslaget framsett av Kamilla B Karlsen (Ap)

K - sak 046/23 Vedtak:

Kommunestyret gir dispensasjon frå KPA føresegn 6.10 for etablering av kai, dispensasjon frå byggegrense mot sjø i arealplanen, arealformål bruk og vern av sjø og vassdrag, og frå Plan- og bygningslova § 29-4, jf. Plan- og bygningslova §19-2 andre ledd for utlegging av flytebrygge og ny kai på fylgjande vilkår:

Kaia lyt førast opp i tre og med pålar for å skåne området i mest mogleg grad. Formannskapet og kommunestyret avslår med heimel i plan- og bygningsloven §19-2 søknad om dispensasjon frå byggegrense mot sjø for utfylling i sjø for etablering av parkeringsplass.

Kommunestyret viser til kommunedirektøren si vurdering slik den kjem fram i saksframstillinga.

Vedtaket skal sendast til partane, statlege og regionale styresmaktar med klagerett.

Vedteke 7 mot 5 røyster. Kamilla B Karlsen (Ap), Gidske Borge Kolltveit (Ap), Anna Marit Storemark (Ap), Jan Erling Borge (Ap) og Kamilla B Karlsen (Ap) røysta for eige forslag.

047/23: Oppfylling av Montreal avtalen

Formannskapet 19.09.2023

Fellesframlegg, foreslått av Stian Herøy, Høgre

Fedje kommune ønsker ikkje vidare båndlegging av dei knappe areala me har på Fedje.

Behandling:

F - sak 051/23 Vedtak:

Kommunestyret vedtek at natur og artsmangfald skal bli teke omsyn til i rulleringa av arealdelen av kommuneplanen. Kommunestyret ynskjer å gå i dialog med statsforvaltar på kor og korleis Fedje kommune skal utvikle seg framover og krev handlingsrom som planmynde.

Fedje kommune ønsker ikkje vidare båndlegging av dei knappe areala me har på Fedje.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 28.09.2023

047/23, foreslått av Gidske Borge Kolltveit, Arbeiderpartiet

Kommunestyret vedtek at natur og artsmangfald vert teke omsyn til i rulleringa av arealdelen i kommuneplanen. Kommunestyret ynskjer å gå i dialog med statsforvaltar på kor og korleis Fedje kommune skal utvikla seg framover og krev handlingsrom som planmynde.

Me ber om at statsforvaltaren merkar seg uttalen frå Fedje næringsråd.
Fedje kommune ynskjer ikke vidare bandlegging av dei knappe areala me har på Fedje.

Behandling:

I voteringa vart forslag til vedtak frå formannskapet sett opp mot forslag sett fram av Gidske Borge Kolltveit (Ap)

K - sak 047/23 Vedtak:

Kommunestyret vedtek at natur og artsmangfald vert teke omsyn til i rulleringa av arealdelen i kommuneplanen. Kommunestyret ynskjer å gå i dialog med statsforvaltar på kor og korleis Fedje kommune skal utvikla seg framover og krev handlingsrom som planmynde.

Me ber om at statsforvaltaren merkar seg uttalen frå Fedje næringsråd.

Fedje kommune ynskjer ikke vidare bandlegging av dei knappe areala me har på Fedje.

Samrøystes vedteke.

048/23: Reiselivsplan 2023-2027

Formannskapet 19.09.2023

Behandling:

Forslag frå Kamilla B Karlsen (Ap) kommunedirektøren legg inn eventuelle midddlar knytt til reiselivsplanen i budsjett for 2024.

F - sak 052/23 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Reiselivsplan for Fedje kommune 2023-2027 slik den ligg føre.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 28.09.2023

Behandling:

K - sak 048/23 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Reiselivsplan for Fedje kommune 2023-2027 slik den ligg føre.

Samrøystes vedteke.

049/23: Søknad om bygdevekstavtale 2024-2027

Formannskapet 19.09.2023

Behandling:

F - sak 050/23 Vedtak:

Kommunedirektøren rår til at Fedje kommune søker om å bli med i pilotprosjekt Bygdevekstavtale 2024-2027 saman med Solund kommune.
Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 28.09.2023

Behandling:

K - sak 049/23 Vedtak:

Kommunedirektøren rår til at Fedje kommune søker om å bli med i pilotprosjekt Bygdevekstavtale 2024-2027 saman med Solund kommune.
Samrøystes vedteke.

050/23: Eventuelt

Kommunestyret 28.09.2023

Behandling:

Spørsmål frå Gidske Borge Kolltveit (Ap)

Har Fedje kommune noen form for rutiner når det gjelder kontroll og ettersyn på de kommunale kaiene?

Tenker på at de står på pillarer.

Det hender jo at det kommer traileren med tung last som skal videre med båt. Og da lurer vi på om det er forsvarlig å losse tungt utstyr på noen av de .

Her er jo også en del ikke kommunale kaier.

Har kommunen noe form for ansvar til å påse at de er i forskriftsmessig stand?

Svar frå ordførar Stian Herøy (H)

Fedje kommune har ein kai som står på pilarar, det er Steinborgkaien. Den blei oppgradert ca 1983/84..

Kommunen har ikkje noko ansvar for kaiar som ikkje er kommunale. Dei andre er kystverket sitt ansvar og nokre kaiar er privateigd.

Spørsmål frå Paul Rognsvåg (H)

Kvifor har det vorte ansett folk i fast ein stilling i "kommunen si vaktordning" utan at stillinga har vore utlyst?

Svar frå ordførar Stian Herøy (H)

Tilsetting av ny person i kommunen si vaktordning

Alle stillingar i Fedje kommune skal i utgangspunktet lysast ut. Etter at personalrådgjevaren slutta i januar har vi ikkje hatt tilsette på personal og vi har ikkje klart å følge opp regelverket slik vi skal.

Når det gjeld denne saka så er det nokre viktige moment som vi har måtte ta omsyn til, og som gjorde at løysing blei slik:

Vaktordninga er ei kombinert ordning for brann og vatn. (Personen som no er tilsett har gjennomgått opplæring på vassverket tidlegare pga at teknisk drift lenge var utan to fagarbeidarar – vakant stilling) + langvarig sjukemelding i teknisk etat.

Dei som er med i vaktordninga, må bu på Fedje.

Dei som deltek i ordninga, må vera med i brannvernet.

Dei som er med, om dei ikkje er tilsett i kommunen, må ha sin arbeidsplass på Fedje, slik at dei alltid er tilgjengeleg.

K - sak 050/23 Vedtak:

Det vart ikkje fatta vedtak under eventuelt.
